


Fjågesund Posten

Nr. 1 februar 2024



MORO-KVELD!

Fredag 16. februar kl. 18.00

for alle på grendehuset.

Bordtennis. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



GANGETUR FOR ALLE!

Torsdag 22. februar kl. 18.00

Start frå grendehusplassen. Hugs refleks!

Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL.

ÅRSMØTE

Fjågesund Idrettslag onsdag 28. februar

kl. 18.30 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og verv
- Medlemskontingent
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

ÅRSMØTE

Fjågesund grendehuslag torsdag 29. februar

kl. 18.30 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.



MORO-KVELD!

Fredag 1. mars kl. 18.00

for alle på grendehuset.


Ballspel. Det blir sal av pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL

SKILEIK PÅ FJÅGESUNDHEIA

Sondag 10. mars kl. 12.00

arrangerar Barnas Turlag Kviteseid skileik, aking og grilling for alle.



UndeBerge

BOKLANSERING

Sondag 10. mars kl. 15.00 på

Fjågesund grendehus.

Den neste boka i serien om husmannsplassar i Kviteseid er klar. Den tek for seg området Fjågesund, Bergsto, Berge-heii og Kilen.

- Det blir ein liten presentasjon av boka
- Underhaldning
- Matservering
- Sal av boka

VELKOMEN!

Arr. Kviteseid historielag og Fjågesund grendehuslag



BASAR

Palmesøndag 24. mars kl. 13.00

på Fjågesund grendehus

- Sal av lynlodd
- Loddsal og trekking av basarbøker.
Hovedgevinst gavekort 3000,-
- Sal av mat, kaffi, kaker, pølser, brus

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund IL.



KNARREN RUNDT 2024

IL Tørn og Fjågesund IL inviterer til turrennet
Knarren rundt **skjærtorsdag 28. mars.**


Turrenn 11,5 km klassisk stil i variert heiterreng
Start miniknarren kl.12.00 og konkurranseklasse
kl.13.00. Full premiering (så langt lageret rekker
og det har aldri gått tomt) Start trimklasse
frå kl.09.00 og utover dagen Premiering for
trimklasse foregår ved loddtrekning.

GUDSTENESTE

2. påskedag 1. april kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje.

Nattverd.



God Påske!



INFO FRÅ IDRETTSLAGET

Hugs at der er ei bok i postkassa i ljosløypa. Der kan du skrive navnet ditt og bli med i trekking av premie!

Ny medlemskontingent blir sendt ut i mars. Me håpar gamle og nye medlemmar vil fortsetja å støtte oss!

Er det nokon som er interessert i å bli med på trim på grendehuset? Vi kan lage eit opplegg i fellesskap og bli einige om detaljar.

Ta kontakt med Aud Turid, 905 75 915



Telemark fylkeskommune skal overtaka vedlikehald og drift av gateljosa.

I 2005 deltok elevane på Fjågesund skule i ein teiknekonkurranse om trafikktryggleik som Gjensidige arrangera. Premien var kr. 100 000.

Lena Gjærum vann denne! Elevane kunne bestemme kva pengane skulle brukast til. Dei ville ha gateljos frå skulen til grendehuset og utbetring av ein smal sving. Idrettslaget har i mange år betala straum og ljospærer til gateljosa, dette er ei utgift vi er glad for å bli kvitt!!!



Knarren løypelag fekk Drangedal kommunes kulturpris for 2023

Kulturprisen i Drangedal er ein gåvesjekk på 10000 kroner, blomar og ein plakett. Dette er ein velfortjent pris, takk for innsatsen, sa ordførar Tor Peder Lohne, då han dela ut prisen under Drangedalsdagane på bygdetunet.

Litt av Aias takketale:

Det e ei stor ære for løypelaget, ein stor inspirasjon og ein anerkjennelse for dugnadsarbeidet på Fjågesundheia.

Takk t grunneigrane. Uvurderleg velvilje frå alle dei , takk t sponsorane og ikkje minst takk t alle dei som har vore med på dugnadsarbeidet, nevner spesielt reperatør og servicemann Bulle.

Takk t Øyvind og Inge Rosland som starta opp Knarren rundt i 1979 og som blei utgangspunktet for all aktiviteten som skjer på heia.

Vil du støtte løypelaget og deira fantastiske innsats, kan du vippse til nr: 96053

